

SKK-nytt finn du og på klubben si heimeside: home.no.net/skajakk

INNHOLD

1. Nytt grunnkurs: 10.-13. august
2. Familietur til Bulandet 16.-19. august
3. Realisering av prosjektet "Kajakksatsing langs kysten"
4. NB: Rune (leiar i SKK) får ny adresse og nytt telefonnummer frå 1. august
5. Ny lagringsplass for klubben sine kajakkar
6. Hugs turen til ytre Solund i september

NYTT GRUNNKURS: 10.-13. AUGUST

Det blir nok eit grunnkurs i sommar. Det har vore fleire forespørslar om kurs, så det kan bli rift om plassane. For dei av medlemmane som har venta på nytt kurs, er det såleis grunn til å vere om seg.

Kurset vil bli om lag likt dei tre grunnkursane vi hadde i vår, men det blir noko meir omfattande sidan vi har valt å kutte ut påbyggingskurset. Påbyggingskurset hadde vi tenkt skulle vere ei naturleg påbygging etter grunnkurset, men vi har komt til at det tar for mykje tid å gjennomføre både grunnkurs og påbyggingskurs. Det blir difor lagt større ansvar på medlemmane ved at dåke må skaffe dåke nødvendig trening og vere med på fellesturar for å få erfaring med padling under ulike tilhøve, ikkje minst med vind og bølger.

GRUNNKURSET VIL BESTÅ AV FYLGJANDE

Fredag

Tre timar teori

Laurdag

Instruksjon og trening på padleteknikk og redningsteknikk

Søndag

Tur med innlagt instruksjon og trening

For meir detaljert kursprogram viser vi til klubben si heimeside

Kursstad: Sanden i Naustdal

Pris for kurset:

- kr. 400,- for medlemmar av SKK (medlemskap kan teiknast i samanheng med kurset)
- kr. 500 for andre

Bindande påmelding til Rune, telefon 99 20 50 90 innan søndag 5. august

FAMILIETUR TIL BULANDET 16.-19. AUGUST

Den årlege klubb-turen til øy-eldoradoet lengst i vest - Bulandet/Værlandet står for døra.

Dette blir turen med stor T for alle med familie som elles er vanskeleg å få med seg i kajakken.

Vi har leigd både "Gamlestaua" (sengar til 7 personar, plass til 15 ?) og "Bualoftet" (den vi losjerte i sist) (sengar til 4-6 personar, plass til 10-12).

Der er elles perfekte forhold for telting med flate grasvollar i massevis.

Opplegget blir enkelt og ope for improvisasjonar, men i grove trekk blir det ...

- > padleturar med ulik lengde og vanskegrad
- > fotturar i området - også klyv av Norskehesten for dei som ynskjer det
- > badeliv (lita strand som og passar for dei minste)
- > fising
- > gå på butikken etter snop og Dagbla'
- > og/eller rett og slett berre nyte tilværelsen, berre relæksing !!!!!

Vi organiserer oss alt etter kva folk ynskjer.

Det blir høve for små og store som ikkje har vore (mykje) i kajakk, å prøve seg litt under trygge tilhøve.

TUROPPLEGG

Dagane kan som nemnt ovanfor brukast til mangt. Med tanke på turaktiviteten er det uante moglegheiter. Vi kan ta korte og lange turar. Ein kan halde seg rundt Værlandet og Bulandet og ein kan padle til øyar som ligg litt lenger unna.

Som eit utgangspunkt, har vi fylgjande forslag til turprogram for dagane:

Torsdag

Alternativ 1:

Padle Askvoll til Bulandet

Alternativ 2:

Ankomst 10.35 til Værlandet med ferje.

Padling på sydsida eller nordsida av Værlandet med avstikkarar på veg ut til Bulandet.

Alternativ 3:

Ankomst 18.55 til Værlandet med ferje.

Padling på nordsida av Værlandet til Bulandet.

Fredag

Vi grupperer oss etter ferdigheitsnivå og ambisjonar for dagen. Langtur for dei som ynskjer det.

Laurdag

Padling til Alden - Bestigning av landemerket Norskehesten 481 moh. Avhengig av ynskje og kor mykje som er att av dagen, så kan ein ta ein kortare eller lengre ettermiddagstur tilbake til Bulandet.

Søndag

Utsjekking

Vi brukar dagen til langtur tilbake til Askvoll, og til Fure for dei som skal dit. Viss det er behov for det (personleg ynskje, vêrtilhøve etc.), kan det til dømes padlast til Værlandet og så ta ferja derifrå til Askvoll. Vi ser ståa an og bestemmer opplegget for dagen der ute.

REISE TIL & FRÅ

Ut til Bulandet torsdag:

Ferje tidleg til Værlandet/Bulandet:

Ferje frå Askvoll kl. 9.15. Ankomst Værlandet kl. 10.35, Bulandet kl. 11.30

Ferje seint til Værlandet/Bulandet:

Ferje frå Askvoll kl. 17.40. Ankomst Værlandet kl. 18.55, Bulandet kl. 19.45

Alternativ for dei som må reise ut fredag:

Ferje frå Askvoll kl. 18.00. (dette er den einaste ferja!!!)

Ankomst Værlandet kl. 19.10, Bulandet kl. 19.45

Retur til Askvoll søndag - utan ferje:

Som dei to siste åra, satsar vi på ein flott retur-padletur til Askvoll. Vi tar heile dagen i bruk, dvs. passeleg tempo, pausar, bading osv.

Retur til Askvoll søndag - med ferje:

Dei som ikkje ynskjer å padle til Askvoll, alle utan kajakk og elles alle som ynskjer å nyte dagen i Bulandet/Værlandet-området, må nytte seg av den einaste ferja som går på søndag. Ferja kan då takast enten frå Bulandet eller frå Værlandet.

Ferje frå Bulandet kl. 20.15 (ferja må tingast før kl. 19.00), frå Værlandet kl. 21.20
Ankomst Askvoll kl. 22.40

Sidan vi no har fått oss kajakktilhengar, er det mogeleg å få sendt kajakken med ferja og sjølv reise fram og/eller tilbake med hurtigbåt. Du må då gjere avtale på førehand med Rune om frakt av kajakken.

Tidene for hurtigbåten er...

Torsdag:

Frå Askvoll kl. 14.20 og 19.05. Ankomst Bulandet høvesvis kl. 15.20 og 20.00

Fredag:

Frå Askvoll kl. 10.50, 14.20 og 19.05. Ankomst Bulandet høvesvis kl. 11.50, 15.20 og 20.05

Laurdag:

Frå Askvoll kl. 12.00 og 16.50. Ankomst Bulandet høvesvis kl. 12.50 og 17.35

Søndag:

Frå Bulandet kl. 16.30. Ankomst Askvoll kl. 17.40

MAT & UTSTYR

Mat lagar vi til i fellesskap eller vi organiserer oss i grupper. Også teltarar kan sjølvstekt nytte kokefasilitetane i husa, viss ein då ikkje insisterer på å gjere det mest mogeleg primitivt.

Vi (turleiinga) tar oss av middag torsdag (enkel gryterett)

Middag fredag og laurdag blir fisk på ein eller annan måte (fiskepinnar blir nedtur). Vi handlar på butikken det vi treng attåt fisken. Den har ope til 17.00 (laurdag: 14.00).

Kvar og ein tar med seg:

- > tørrmat
- > drikke for tørst og hygge
- > sovepose og underlag
- > ev. telt
- > ev. kokeutstyr m.m. viss du skal ordne all mat sjølv
- > joggesko/fjellsko
- > bleiar til minsten
- > høveleg kle for den aktiviteten ein vil vere med på

PRISAR

Losji innandørs: kr. 100,- pr natt

Sidan husa er leigde for alle tre døgn, må dei prioriterast for dei som er med alle tre døgn. Men viss det er plass kan og dei som blir med kortare, få plass innandørs.

Losji i telt: kr. 25,- pr. døgn

Teltarane/Uteliggjarane får nytte seg av fasilitetane i hyttene: toalett, kjøkken, lenestol etc.....

INFO & PÅMELDING

Meir info om turen får du om du ringer Rune, tlf.: 992 05 090.

Påmelding til same person - jo tidlegare dess betre ... **MEN**

PÅMELDINGSFRIST FOR DEI SOM VIL LOSJERE INNANDØRS: Søndag 5. august
FOR ALLE ANDRE: Søndag 12. august

Nødvendige opplysningar ved påmelding:

- > Tal personar
- > Tidspunkt for ankomst
- > Om du ynskjer losji i hus, dvs innandørs
- > Om du ynskjer å leige kajakk
- > Om du treng transport av kajakk til/frå Askvoll

**MANGE HAR SIGNALISERT AT DEI BLIR MED, SÅ DETTE KAN BLI STORT
TUREN BLIR KUN AVLYST VISST SVÆRT DÅRLEG VER OG DET BLIR DET IKKJE**

REALISERING AV PROSJEKTET "KAJAKKSATSING LANGS KYSTEN"

Gjennom media har dåke kanskje fått med dåke at vi er i slutfasen på dette prosjektet og vi har starta med investering i ny kajakktilhengar og åtte nye kajakkar og meire til.

Du kan lese om prosjektet ved å klikke [HER](#).

(I papirutgåva av SKK-nytt får du ikkje høve til å lese om prosjektet, dessverre. Snakk med Rune om du er nysgjerrig.)

RUNE/LEIAR FÅR NY ADRESSE OG NYTT TLF.NR. FRÅ 1. AUGUST

På grunn av endra familiesituasjon får leiaren altså ny adresse frå 1. august.

Ny adresse blir: Frammarsvik, 6817 Naustdal

Nytt privat telefonnummer: 57 81 65 10 (Mobil som før: 99 20 50 90)

NY LAGRINGSPLASS FOR KLUBBEN SINE KAJAKKAR

På grunn av flyttinga, vil båtane ikkje lenger ligge/henge lagra i garasjen i Angedalsvegen i Førde.

I prosjektet "Kajakksatsing langs kysten" ligg det og inne bygging av naust. Viss vi klarer å skaffe oss tomt, vil vi kunne starte bygginga allereie i haust. Inntil naustet er bygd, vil kajakkane vere plasserte litt her og litt der. Kvar dette blir, er i skrivande stund enno noko usikkert, men det blir truleg i Naustdal.

Ta kontakt med Rune viss du har bruk for å leige kajakk.

HUGS TUREN TIL YTRE SOLUND I SEPTEMBER

Vil berre minne alle interesserte om å sette av helga 7.-9. september. Då går turen til Ospa-området i ytre Solund. Dagsetappene er relativt lange, så du bør helst ha padla ein del eller ha erfart at du tåler/trivst med relativt lange etappar.

That's all for now, folks !!



Viss det er kryssa av i "boksen", så har eg prøvd å sende e-brev til deg med info om at SKK-nytt er lagt ut på sida og ikkje fått svar på det e-brevet.

Til nokre har eg og lagt ved påminning om uteståande.

Helsing skrivaren

SNAKKA MED KJARTAN RETT FØR DETTE GÅR I TRYKKEN:

Han kjem frå Ålesund for å vere med på Bulandsturen. Han har laga fleire båtar. Så for dåke som ynskjer å kjøpe halvfabrikata av han: Ta kontakt med Rune **SNARAST**.